



Håvard Hjelmeland, som snart er ein måned gamal, var yngst av gjestene i TI-aren kafe i gamleskolen tysdag. Han sit her på armen til mor Mette Solberg og hadde "medbragt servering", men var like velkomen for det! Til høgre Gudrun Eidsvik, ein av dei tre i vertskapet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Besøket er aukande på TI-aren Cafe i gamleskolen, men mennene har tydelegvis ein slags fobi mot å freista dette nye tilbodet i bygda. Den første mannen var gjest der tysdag, men fleire kom det ikkje.

- Neste gong vonar eg at det kjem fleire menn. Vi kan frista dei med ein eigen krok der dei kan sitja og diskutera utan risiko for å bli "overkøyr" av kvinner, seier Ester Mørstad til uskedalen.no.
Det var ho, saman med Gudrun Eidsvik og Kjellaug Rød, som var vertskap på den andre opningsdagen til kafeen.

Tilsaman kom det 27 mot 25 på opningsdagen sist tysdag. Gledeleg nok var dei i alle aldrar – frå ein måned til over 80 år! Leiinga i Uskedalen Utvikling har all grunn til å vera fornøgd med starten for dette nye og sosialt verdfulle tiltaket.

- Det kjem sikkert enda fleire etterkvart. Alle verksemnder treng ei innkøyringsperiode, sa Esther.

Innkøyringa er godt i gang. Trioen kunne frista med vaflar, nøttekake og eplekake denne gongen og spaninga stig: Kva blir det neste gong?

Av Ola Matti Mathisen